




Den norske kyrkja
ULSTEIN SOKN
Kyrkjekontoret
6065 ULSTEINVIK

dok 430 - ID 06/2009



Vår referent: osaky

Arkivsak Ny ordning av Den norske kyrkja

Dokumentnavn: Ny ordning for Den norske kyrkja - uttale frå Ulstein sokneråd

Dokumentnummer: 02/00032-014

Løpenummer: 000309/06

Ulsteinvik 11.10.2006

Møre bispedømeråd
Julsundvegen 13
6412 MOLDE

Ny ordning for DNK – uttale frå Ulstein sokneråd/Ulstein kyrkjelege fellesråd

Ulstein sokneråd/Ulstein kyrkjelege fellesråd handsama høyringsuttalen i møte 27.09.2006 under F-sak 63/06. Utskrift av protokollen følgjer som vedlegg.

Som det går fram av protokollen valde soknerådet/fellessrådet å røyste over punkta i skjemaet utsendt frå Departementet, punkt for punkt. I utskrifta er vedtaket skrive med utheva skrift, slik at det skal vere godt synleg. Røystegjevinga står i parantes.

Høyringsuttalen frå Ulstein sokneråd / Ulstein kyrkjelege fellesråd vert med dette sendt til Departementet om dykk, i det eg reknar med at de samordnar alle innkomande uttalar i bispedømet.

Med venleg helsing

Olav Sæter
kyrkjeverje

Kopi: Leiar i Ulstein sokneråd Eldar Husøy



Den norske kyrkja
ULSTEIN SOKN
Kyrkjekontoret
6065 ULSTEINVIK

Ulstein sokneråd - Ulstein kyrkjelege fellesråd

Arkivsak 02/00032

Arkivsak-navn: **F-sak 63/06 Ny ordning for Den norske kyrkja**

Saksbehandler: osaky
Dokumentnavn: Staten og Den norske kyrkje - høyring
Dokumentnummer: 02/00032-012
Løpenummer: 000295/06
Dato: 14.09.2006

Saksutgreiing:

Vedlegg:

1. Frå KKD av 24.04.2006 om NOU 2006:2 Staten og Den norske kyrkje
2. Skjema som Dep. ber høyringsinstansane nytte
3. Frå Kyrkjerådet av 28.06.2006 om Stat-kyrkje-høyringa
4. Kortversjonen av NOU 2006:2 Staten og Den norske kyrkje

Ikkje prenta vedlegg:

1. KA sin fjerde modell
2. KA sitt høyringssvar til NOU 2006:2
3. KA si skisse til kyrkjemodell

Dei ikkje prenta vedlegga kan du få ved å vende deg til kyrkjekontoret.

Saksfakta

Under F-sak 31/06 vart det sett ned ei gruppe som skulle lage ein høyringsuttale frå Ulstein sokn. Desse vart valde: Eldar Husøy, Brynhild Ulstein, Arne-Sten Christiansen og kyrkjeverja.

Gruppa har enno ikkje hatt møte.

Høyringsfristen er 1.desember. Det er i alt 2500 høyringsinstansar. Dersom vår høyringsuttale skal sendast via Møre bispedømmeråd, er fristen 15.oktober.

Eldar Husøy, Arne-Sten Christiansen, Hannelore Måseide og Olav Sæter var på informasjonsmøte i Spjelkavik om Staten og Den norske kyrkja, 2.september (jfr. meldingssak i USR 30.08.2006). Ein av medlemmane i Gjønnestutvalet, kyrkjeverje Hege Steinsland, orienterte om utvalet sitt arbeid. Ho viste til dei prinsippa som låg til grunn for kyrkjeordninga:

- livssynsfridom
- grunnleggande menneskerettar
- fridom frå religion for minoritetar

- ikkje politisk styring av DNK

Steinsland hadde så ei pragmatisk vinkling, og stilte spørsmål om kva for løysingar det var mogleg å oppnå:

- det å sikre religionen ein plass i samfunnet
- økonomiske ordningar for alle (knytta til medlemskap, anten i eit kyrkjесamfunn eller eit anna samfunn)
- kyrkja som kulturberar
- kyrkja som tradisjonsberar
- kyrkja som stabiliserande faktor i eit samfunn
- den symbolverdi som kyrkja har

Hege Steinsland meinte at det måtte eit kompromiss til, og viste til Thorvald Stoltenberg sitt utsegn om "det gode kompromisset" som var sterkt undervurdert.

Steinsland viste til tidlegare prosessar:

- Kirkeordningskommisjonen av 1908 som hadde mest fokus på reform innan kyrkja si ramme
- Sivertsen-utvalet av 1970. Det var då eit klart fleirtal for folkekyrkje
- Bakkevig-utvalet av 2000. Der var det fleirtal for ei nyordning med lausare band mellom kyrkje og stat, prinsippet om livssynsfridom vart vektlagt, og utvalet gjekk inn for oppløysing av grunnlovparagraf.

Tendensen siste tiåra har vore at gruppa som seier nei til skilje mellom stat og kyrkje er blitt mindre.

Steinsland kom så inn på enkelte av paragrafane i Grunnlova:

- § 2 som slår fast at den evangelisk-lutherske religion skal vere Statens offentlege religion
- § 4 som omhandlar kongens bekjennelsesplikt
- §12 som seier at minst halvparten av regjeringa må tilhøyre DNK
- §16 som gir kongen ansvar for offentlege kyrkje- og gústeneste og møter og forsamlingar om "religionssaker", og som pålegg lærarar å følgje føreskrivne normer (her er det vist til §§ 2 og 4)

Mandatet la til grunn at kyrkja framleis skal vere ei bekjennande, misjonerande, tenande og fri folkekyrkje.

Eit stort fleirtal i utvalet ville oppheve dagens statskyrkjeordning med ankerfeste i Grunnlova, og ville ha ei lovforankra folkekyrkje, det vil seie der Stortinget med heimel i grunnlova, vedtek eiga kyrkjelov.

Framlegget om ei lovforankra folkekyrkje krev oppheving av §2 i Grunnlova. Eit fleirtal på 13 i utvalet vil ha ein eigen verdiparagraf i grunnlova, og som særskilt viser til kristne og humanistiske verdiar.

Modellen til fleirtalet i utvalet gir Staten eit særleg økonomisk ansvar for kyrkja med statlege tilskot som dekker personalkostnadane og kommunale tilskot som dekker bygging, vedlikehald, forvaltning og drift av kyrkjebygg. Den øvrige verksemda må finansierast med eit medlemsbidrag.

Eit fleirtal innstiller på at gravferdslova blir endra og at kommunane som hovudprinsipp har ansvaret for gravferdsforvaltninga. Mindretalet rår til at kyrkjeleg fellesråd framleis beheld ansvaret. Utvalet rår til at namnet kyrkjegard blir erstatta med eit meir nøytralt namn, t.d. gravlund eller gravplass.

Fleirtalet i utvalet meiner at sokna framleis skal ha eigedomsretten til kyrkjer og kyrkjefond. Spørsmålet om eigedomsrett til Opplysningsvesenets fond må avgjerast av Stortinget.

Så langt resymeet av innlegget til Hege Steinsland.

Stiftsdirektøren hadde utfordra to personar til å kome med tankar om Stat-Kyrkjemeldinga.

Arvid Helle, prest, frykta for dei store endringane. Han ville ha ei kyrkje som tok vare på alle medlemene, og gjekk inn for å behalde koplinga til Staten.

Henriette Bryn, soknerådsleiar, lurte på korleis Kyrkja skulle grunngi at ho ville ha pengane, men ville bestemme sjølv.

Eldar Husøy sakna alternativ tenking i prosessen, gjerne med utgangspunkt i dei frivillige organisasjonane

Odd Bondevik sa at Bibelen ikkje gav uttrykk for noko bestemt kyrkjeordning, og at ein kunne leve med ulike ordningar. Det at Staten var garantist for folkekyrkja meinte han var ein uhaldbar argumentasjon, og viste til misjonskyrkjene i Afrika som han meinte var mykje meir folkekyrkje enn det vi er. Han konkluderte med at vi aldri kan kvitte oss med teologiske problem med å endre kyrkjeordning. Han syntest det var problematisk at verdslege organ skulle styre i trussamfunn.

Så langt om det eg hadde notert under samtalen.

Vurdering

Som tidlegare nemnt er altså høringsfristen formelt 1.desember, men dersom Fellesrådet ønskjer ein uttale sendt via Møre bispedømmeråd, er fristen 15.oktober. Neste møte i Fellesrådet er onsdag 1.november.

Kyrkjeverja vil ikkje driste seg til å kome med framlegg i denne saka, sjølv om eg har sterke synspunkt. Eg vil likevel peike på at Fellesrådet på møtet må velje kor omfattande ein eventuell uttale skal vere, og om ein vil bruke ein av dei tre foreslåtte modellane som mal. Det kan bli vanskeleg å bruke tid på møtet til å formulere ferdig ein omfattande uttale, men dersom det kyrkjepolitiske innhaldet er klart, kunne rådet delegere til den valde nemnda å reinskrive uttalen

Saka vert lagt fram utan innstilling til vedtak

Framlegg til vedtak

Skriv forslag til vedtak her...

Handsaming

Innleiingsvis vart det vist til invitasjon frå Haram kyrkjelege fellesråd om seminar om temaet Staten og den norske kyrkja **måndag 2.oktober kl. 12-15**. Ingen i fellesrådet hadde høve til å reise.

Kyrkjeverja såg det ikkje naudsynleg å gi noko fullstendig referat frå drøftingane i rådet i denne saka, og det kom ikkje protestar mot dette frå medlemmane.

Det var semje om å nytte spørjeskjemaet som Kultur- og kyrkjedep. hadde utarbeidd. Under punkt 2 drøfta Rådet korleis dei tre ulike alternativa frå Gjønnnes-utvalet skulle avkryssast i skjemaet, og det var semje om at Gjønnnes-utvalet sitt alt. 2 og 3 begge måtte avkryssast for "bør avvikles" i dep.-skjemaet i og med at dei to alternativa i prinsippet ville bryte med noverande tatskyrkjemodell og endre relasjonane mellom stat og kyrkje.

Fellesrådet valde ikkje å kommentere dei ulike avkryssingane i skjemaet, men ville ha eit tilleggspunkt 9 om kven som må ha ansvar for utnemning av biskopar

Røysting

Det vart røysta over punkta i skjema frå departementet, punkt for punkt:

1. "Hvilke overordnede prinsipper bør ligge til grunn for tros- og livssynspolitikken?" : **Ingen kommentar** (8 – 0)
2. "Den norske kirke som statskirke": **Bør avviklast** (8 – 0)
3. "I hvilken lov bør Den norske kirke være forankret?" : **Eiga kyrkjelov vedteken av Stortinget** (5 røyster. 3 røysta for alternativet Lov om trussamfunn)
4. "Hvordan bør Den norske kirke finansieres?" : **Offentleg finansiering utan medlemsavgift** (8 – 0)
5. "Hvordan bør valgordningene og demokratiet være dersom statskirkeordningen avvikles?" : **Valordningane bør vere som i dag** (8 – 0)
6. "Dersom statskirkeordningen avvikles, hva bør i så fall stå i § 2 (eller i en annen paragraf) i Grunnloven i tillegg til prinsippet om religionsfrihet?" : **Det kristne og humanistiske verdi-grunnlaget** (8 – 0)
7. "Hvem bør ha ansvaret for gravferdsforvaltninga?" : **Kommunen** (8 – 0)
8. "Hvem bør eie og forvalte kirkebyggene?" : **Den lokale kyrkja bør eige kyrkjebygga, og kommunen bør ha det økonomiske ansvaret** (8 – 0)

Nytt punkt 9:

Kyrkje sjølv må ha ansvar for å utnemne eigne biskopar, og Kyrkjerådet er det naturlege utnemningsorganet (8 – 0)

Merknad til punkt 9: Som ein konsekvens av at statskyrkjeordninga opphøyrer, må dette innebere at kyrkje sjølv har rett til å utnemne eigne biskopar (samrøystes 8-0)

Vedtak i Ulstein sokneråd

Det vart røysta over punkta i skjema frå departementet, punkt for punkt:

1. "Hvilke overordnede prinsipper bør ligge til grunn for tros- og livssynspolitikken?" : **Ingen kommentar** (8 – 0)
2. "Den norske kirke som statskirke": **Bør avviklast** (8 – 0)
3. "I hvilken lov bør Den norske kirke være forankret?" : **Eiga kyrkjelov vedteken av Stortinget** (5 røyster. 3 røysta for alternativet Lov om trussamfunn)
4. "Hvordan bør Den norske kirke finansieres?" : **Offentleg finansiering utan medlemsavgift** (8 – 0)
5. "Hvordan bør valgordningene og demokratiet være dersom statskirkeordningen avvikles?" : **Valordningane bør vere som i dag** (8 – 0)
6. "Dersom statskirkeordningen avvikles, hva bør i så fall stå i § 2 (eller i en annen paragraf) i Grunnloven i tillegg til prinsippet om religionsfrihet?" : **Det kristne og humanistiske verdi-grunnlaget** (8 – 0)

- 7 . "Hvem bør ha ansvaret for gravferdsforvaltninga?" : **Kommunen** (8 – 0)
8 . "Hvem bør eie og forvalte kirkebyggene?" : **Den lokale kyrkja bør eige kyrkjebygga, og kommunen bør ha det økonomiske ansvaret** (8 – 0)

Nytt punkt 9:

Kyrkje sjølv må ha ansvar for å utnemne eigne biskopar, og Kyrkjerådet er det naturlege utnemningsorganet (8 – 0)

Merknad til punkt 9: Som ein konsekvens av at statskyrkjeordninga opphøyrer, må dette innebere at kyrkje sjølv har rett til å utnemne eigne biskopar (samrøystes 8-0)